



Brynjar Mjanger Eide
Svindalsvegen 7
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10216 - 20/34429

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
09.06.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 24/44 Fammestad

Tiltak: Avvik i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 24/44
Tiltakshavar: Brynjar Mjanger Eide

Alver kommune har den 26.05.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning den 25.05.2020 vart registrert lågt nivå og lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Svindalsvegen 7, 5913 Eikangervåg. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke. Same feilen med lekkasje i tanken, vart rapport av Norva 24 Birkeland og meldt til deg i sak nr. 18/1257 av 18.04.2018 i tidlegare Lindås kommune.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 07.06.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Brynjar Mjanger Eide

Svindalsvegen 7

5913

EIKANGERVÅG